



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Vi startar utviding av Sagvatnet naturreservat i Bømlo

I dialog med grunneigarane og Framtre (tidlegare AT Skog) melder vi formell oppstart av utviding av Sagvatnet naturreservat i Bømlo kommune gjennom frivillig skogvern. Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen som no startar opp etter naturmangfaldlova, og å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Utvidinga gjeld eigedomane gnr./bnr.: 2/5, 2/11 og 2/33. Utviding av naturreservatet vil ytterlegare styrka ein av dei største og vestlegaste furuskoglokalitetane på Vestlandet. Dette er «låglandsskog» med kystfuruskog og regnskogslokalitetar med mange trua artar. Utvidingsarealet utgjer 916 dekar og derav 807 dekar skog og av dette 738 dekar produktiv skog. Arealet består av tre delområde, som er lokalisert nord, vest og aust frå dagens Sagvatnet naturreservat.

Nokre av grunneigarane tilbyr no skogareal for vern gjennom ordninga frivillig skogvern for andre gong. Avgrensinga av utvidingsområdet kunne ha vore meir optimal. På sikt hadde det vore ønskjeleg med fleire tilbod om frivillig skogvern frå grunneigarar med tilgrensande eigedomar.

Oppdatering av verneforskrift

Med denne utvidinga vil vi også oppdatere dagens verneforskrift for Sagvatnet naturreservat i henhold til naturmangfaldlova som i 2009 erstatta den gamle naturvernlova. Den nye verneforskrifta for naturreservatet vil ikkje gje auka restriksjonar samanlikna med dagens verneforskrift. Forslag til verneforskrift er vil vere klar til neste fase i verneprosessen som er høyringa.

Plan - og inngrepsstatus

I gjeldande kommuneplan (2013-2025) har området føremålet landbruk, natur- og friluftsføremål (LNFR). Omssynsone knytt til nedslagsfelt for drikkevattn like sør for Eriksvatnet og Grutlevatnet. I tillegg er det eit område med kaste - og låssettingsplass i Døsvika.

Områda er utan bygningar og framstår som mykje inngrepsfrie, bort sett frå ei eksisterande 22 kV kraftlinje som går om lag 180 meter langs sjøen heilt i ytterkanten av området nord for Døsvika.



Nasjonale naturverdiar

Områda er ein del av eit uvanleg stort og tilnærma inngrepsfritt kystnært skogområde i Bømlo, frå Andal i sør til Våge i nord. Tre naturreservat inngår i dette viktige skogområdet. Naturreservata Skogafjellet og Sagvatnet vart verna gjennom det myndigheitsstyrte barskogvernet i 1999. Tjongspollen naturreservat vart verna i 2017 gjennom frivillig skogvern, og denne utvidinga av Sagvatnet naturreservat er også eit frivillig skogvern der grunneigarar har tilbydd området for vern.

Av treslag er det furu som dominerer, med innslag av bjørk, hassel og rogn fleire stader. Det er også noko barlind (VU), lind (NT) og ask (EN) somme stader. Purpurlyng (NT) er vanleg på skrinnare og tørkeeksponerte partia og inngår her som purpurlyng-furuskog som har ei svært avgrensa utbreiing ytst langs kysten i Norge. Med denne utvidinga av Sagvatnet naturreservat vil ein få inkludert ytterlegare viktig skognatur i form av sterkt oseanisk furuskog, med totalt 11 regnskoglokalitetar med mange trua artar.

Mange av desse sjeldne og sårbare artane er habitatspesifikke for regnskog og heilt avhengige av desse «regnskogs-lommene» for å overleve. Det fordi dette er skuggefylte areal i skogen med stabilt høg luftfukt. Totalt 9 raudlisteartar av lav – og mose knytt til regnskog er registrert innafør tilbodsområdet, deriblant stjernerurlav (EN), storpora rurlav (EN), tornflekklav (VU), kystskriftlav (VU), kystvortelav (VU), rødflekklav (VU), kjøttkraterlav VU) og gul pærelav (NT). Både rike og fattige utformingar av boreonemoral regnskog er kartlagde.

Sjølv om det meste av skogen er etablert før 1940, er den nok ikkje spesielt gamal i økologisk forstand. Det er lite død ved (stående og liggande døde tre) samanlikna med kva ein finn i veldig gamal skog. Likevel er det nasjonale naturkvalitetar her som er verneverdige, og det særleg knytt opp til vestnorsk regnskog som er særleg prioritet i det nasjonale frivillige skogvernet. Norge har eit særleg forvaltingsansvar for denne skogtypen som også er lista som trua (Artsdatabanken 2018).

Utvidingsområdet er ein del av eit stort samanhengande skogområde, med særleg viktig funksjon for hønsehauk (VU) og havørn. I tillegg er furuskogen her tilstrekkeleg naturprega til å ha viktig funksjon for hakkespettar som kvitryggspett, grønspekk, gråspekk og dvergspett.

Å ivareta slike store samanhengande areal av er avgjerande for å ta vare på desse naturkvalitetane på lang sikt som er ei nasjonal målsetjing.

Vernet vil dekke manglar i skogvernet

Denne utvidinga av Sagvatnet naturreservat vil bidra til å dekke manglar i det nasjonale skogvernet med ivaretaking av mange trua artar, i tillegg til boreonemoral regnskog, kystfurusog og skog i låglandet. Areal ligg i boreonemoral sone.

Kvifor vern av skog?

Artsdatabanken, den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei truga raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar. Inngrep som følgje av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Å ta vare på mest mogleg intakte økosystem i skog er blant dei viktigaste tiltaka vi kan gjere for å ta vare på vestlandsnaturen for framtida.

Mål om 10 prosent vern av skogen i Vestland

Det er eit nasjonalt mål å redusere tap av naturmangfald, og som eit ledd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med berre rundt 3,4 prosent av skogen verna, er vi enno langt unna dette målet i Vestland. Frivillig skogvern har fått ei styrka



økonomisk ramme i 2026 og ordninga vil vere viktig for å sikra viktig skognatur i åra som kjem. Dette er eit vern der staten er heilt avhengig av at grunneigaren sjølv ønskjer dette. Ved vernevedtak har grunneigarane akseptert det økonomiske tilbodet frå staten.

Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil òg føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Vernet vil ikkje regulera eller føre til endringar i bruk av kaste – og låssettingsplassen i Døsvika Drift og vedlikehald av eksisterande kraftlinjer innafor området vil også kunne føregå som før, utanom at motorisert ferdsle for planlagt vedlikehald på kraftlinje vil vere søknadspliktig. Grunneigar vil framleis ha rett til jakt, fangst og fiske, og ålmenta vil framleis kunne plukke matsopp og bær.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og tema kan verta så opplyst som mogleg. Når innspel til denne oppstartsmeldinga er vurdert, vil Statsforvaltaren sende eit meir detaljert forslag til vern på høyring som også inkluderer verneforskrift.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing, verneforskrift og bilete frå områda finn du på nettstaden vår <http://www.statsforvaltaren.no/vestland> under sida «Høyringar». Her kan du også sende inn innspel til denne oppstartsmeldinga. Du kan også sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no. Vi har også ei eiga temaside om frivillig skogvern med generell informasjon om ordninga.

Frist for å kome med innspel er 28. juni

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette. Dette brevet er også sendt til grunneigarar i dagens Sagvatnet naturreservat som orientering.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Vernekart_Sagvatnet_UTV



Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Det norske skogselskap			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Sør-Norges Fiskarlag	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrensykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM



Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboegate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane	Dørndalsveien 114	7100	RISSA
BIRDLIFE NORGE SUNNHORDLAND LOKALLAG	Haugavegen 7	5430	BREMNES
GEOPARK SUNNHORDLAND AS	Mostravegen 543	5440	MOSTERHAMN